

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: Rogaland
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: Avaldsnes
 Emne: Julenissen Bygdelag: Karmöysida
 Oppskr. av: Peder Skeie Gard: Meland
 - 64 år) G.nr. 35 Br.nr. 1
 (adresse): Avaldsnes

- A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Då eg var barn var det ikkje så mykje tale om julenisse. Ein hadde jo lese om nissen, så ein visste kva det var, men å "oppleva" nissen med jul var mindre kjent. Serleg gjennom julekort vart dei ymse nissearter etter kvart kjende og i mi ungdomstid fekk ein av og til sjå nissen "levande" fyrst på einskilde festar og seinare i sume av heimane, serleg der dei liksom låg eit strek høgare enn andre.
2. Eg trur det helst vert praktisert slik at julenissen kjem med alle dei gåvor som skal delast ut. Kva sort gåvor dette er vil jo vera nokså ymse i dei ymse heimar.
 Eg har ikkje set at nissen har fått noko serleg "for strevet" eller fått noko i det heile.
3. Så vidt eg har forstått vert det "som nisse" bruka den som høver best til det utan å ta omsyn til storleiken av menneskjet. Det gjeld helst å få ein som er god å ordleida seg. Ofte kan ha så vera utstappa med serleg stor mage eller stor kryl på ryggen o.l.
4. Utstyret vert bruka etter som tilhøvet er. Kvitt sjegg, pinnhua, ullvetter og sekk på ryggen er obligatorisk. Elles stasar han seg ut med det som kan vera for hand. Knebukser er rekna for eit stort X + .
5. Maske vert vanlegvis kjøp - men så vert det gjerne göymt frå år til år. Me det andre får det vera som det kann i kvart tilfelle.
6. Av og til er han-henda ein utkledd som nisse. Elles er dei aldri så nøye på utstyret når dei går julebukkk. Det gjeld helst berra om å verta så stygg som m mogeleg.
7. Eg har aldri set at det deler ut. Dei vil svert gjerne få.
8. Truleg er det tradisjonen frå den gamle nissen som er opphavet til den nye. Elles trur eg ikkje det er så stor samanheng mellom dei.
9. Eg kjenner inga dōme på sovore.

Avaldsnes den 28/11 1952

